



Betre tverrfagleg innsats for barn og unge  
i Vindafjord kommune

# BTI-MODELLEN

Plan for tverrfagleg samhandling  
Vindafjord kommune

**Politisk handsaming:**

23.11.20 Utval for oppvekst og omsorg  
15.12.20 Kommunestyret



## **BTI – betre tverrfagleg innsats for barn og unge i Vindafjord kommune**

Det skal vera trygt og godt for barn og unge å veksa opp i vår kommune. Stundom oppstår likevel utfordringar og vanskar som gjer at ikkje alle har det så bra. Gjennom denne planen vil me syne kva kommunen gjer for å møte barn og ungdom, både gjennom gode tenester i det ordinære, førebyggjande arbeidet og ved å vera tilgjengeleg med rett hjelp til rett tid når det røyner på med utfordringar barn, unge og dei som står dei nære ikkje kan hanskast med aleine.

BTI, Betre Tverrfagleg Innsats, skal sikra at barn og unge får den oppfølginga og hjelpa dei treng. For å kunne vera sikre på at me fangar opp bidrar best mogeleg er det naudsynt med nært og godt samarbeid mellom dei kommunale tenestene. Kjennskap til kvarandre, kvalitet og kompetanse i einingane og felles møtepunkter er viktig i denne samanheng. Her er alle som arbeidar med barn og unge viktige støttespelarar, om det er helsejukepleiar eller fagarbeidar i barnehagen. Kontaktperson i barnevernet, læraren på skulen eller ei frå PPT. Me jobbar saman, for i vår kommune tek me alle bekymringar, små og store, som gjeld barn og unge på alvor.

Ein føresetnad for at me kan bruka BTI-modellen, er at medarbeidarane i kommunen har:

- Kompetanse til å forstå og bruka samarbeidsstrukturane i BTI-modellen.
  - Kompetanse til å utføra oppgåvane som ligg innanfor dei ulike prosessane i modellen.
- Dette inneber at me må ha evner til å oppdaga barn/unge/familiar som gir oss ei bekymring, til å samtale med barn/unge og føresette, og me må vera i stand til å gjera oss nytte av hjelpetiltak og andre hjelpetenester der dette er nødvendig.

### **Betre tverrfagleg innsats set barnet si utvikling og foreldre si medverking i sentrum**

Handlingsrettleiaren er webbasert og tilgjengeleg for alle på heimesida til kommunen

<https://vindafjord.betreinnsats.no/>

### Haldningar og verdiar i arbeidet med barn og unge i Vindafjord kommune

1. Alle barn og unge har behov for og rett til å bli sett og å oppleva meistring
2. Føresette er ansvarlege for barna sitt liv og oppvekst
3. Vindafjord kommune sin innsats bygger på respekt for og dialog med føresette
4. Tilsette som ser at barn har behov for omsorg og støtte, har medansvar for at barnet får hjelp etter sitt behov
5. Arbeidet for barn og unge bygger på tidleg innsats og tverrfagleg samarbeid, der ein tar utgangspunkt i dei ressursar barn og føresette har
6. Tilsette har fokus på nærmiljøet som ressurs for barn og unge

### **Tverrfagleg samarbeid i det ordinære tenestetilbodet i kommunen**

Samordna tenester handlar om å betra samarbeidet og ikkje minst framdrifta når kommunale basistenester (f.eks. helsestasjon, skule, barnehage) og hjelpetenester (f.eks. helseteneste, PPT, barnevern, tenester for ungdom) i fellesskap skal hjelpe barn/ungdom/familiar gjennom vanskår. Med ein klar struktur bidrar BTI-modellen til styrkt samhandling mellom tenester, slik at dei jobbar målretta, effektivt og heilsakapleg – og utan at det oppstår avbrot i oppfølginga.

BTI består av ein grunnmodell med tilhøyrande handlingsrettleiar, verktøy og kompetansen til dei tilsette.

Grunnmodellen i BTI beskriv korleis samhandlinga kan leggjast til rette på fire forskjellige nivå, avhengig av omfanget på vanskane som skal løysast og talet på aktørar som skal involverast:

Nivå 0: Her avklarar me om det er grunnlag for bekymringa

Nivå 1: Beskriv tiltak innanfor kvar enkelt teneste

Nivå 2: Beskriv eit enkelt tverrfagleg samarbeid, helst mellom to tenester


Nivå 3: Beskriv eit meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester

Nivåa og tenestene i grunnmodellen vert bundne saman gjennom ein samarbeidsstruktur som er basert på at ein aktør, stafetthaldaren, har ansvar for å koordinera den tverrfaglege samhandlinga og dokumentera arbeidet i ein elektronisk stafettlogg. <https://stafettloggen.conexus.no/Account>

I alt arbeid med mennesker er det ikke verktøy og rutine som er det viktigaste, men korleis det blir nytta. Det er naudsynt som utgangspunkt, for å sikre heilskap og oversikt, men like viktig er kompetanse og forståinga barn, unge og familiarer blir møtt med, og relasjonen ein har i samarbeidet.

I Vindafjord legg med vekt på god kvalitet i dei ordinære tenestene, som på helsestasjon, i barnehage og skule. Alle har rett på gode tenester, og nokon har trong for litt meir. Det er difor viktig at kompetansen er ute i alle einingar og at barn, unge og deiar familier har «gode dagar» i kvardagen. Det skal vera enkelt å ta kontakt med pedagogisk leiar i barnehagen eller læraren om det det skulle oppstå utfordringar. Me ynskjer å vera tilstade og bidra til å hjelpe til å løyse utfordringane før dei veks seg store. Helsestasjonen, PPT og barnevern samarbeider med barnehage og skule og saman jobbar me for best mogleg «lag rundt barnet».

Vindafjord kommune skal framstå som ein heilsapeleg og god kommune å veksa opp i – og ansvar og oppgåver i denne samanheng er fordelt ut på «alle som har med barn og unge å gjera». Dette er skissert i modellen:



## Faglege og tverrfaglege møter gjennom året, nedfelt i årshjul til dei ulike tenestene

Treffpunkt / møte:	Kven deltek:	Hyppigheit
Fagmøter Tverrfagleg fagmøte	Kvar eining Tilsette barnevern/PPT/skulehelse	Om lag annakvar mnd 2 gonger i året
Fag- og utviklingsmøter	Barnehage, skule og PPT (barnevern, helse, polit ob. inviterast på relevante saker)	3 gonger i året
Tverrfagleg leiarmøte	Barnevern, helse og PPT	Jamnleg
BTI-samhandlingsmøte	Barnehage (inkl private) skule, helse, PPT og barnevern deltek. Politet fast med den første timen, og vidare om ønskeleg	2 gonger kvart år
På Gli`m BTI konferansen	alle tilsette som har med barn og unge og gjera	Årleg
TOT- tverrfagleg oppvekstteam	Ungdomsskule med rektor, inspektør eller sosiallærer, helse, barnevern, PPT, politikontakt	5-6 gonger kvart år
TOT-tverrfagleg oppvekstteam	Barnehage/skule med leiar, lærar pedagog, spes ped og PP-kontakt	Min 2 gonger kvart år
Tverrfagleg ressursteam / innsats team i aktuelle case	PPT, helsesjukepleiar, barnevern, nav mm	Ved behov
PPT-dagar	PPT-kontakt har møte med kvar barnehage og skule	Jamnleg gjennom året
Arbeidsutval lokalt rus- og kriminalitetsførebyggande arbeid	ungdomsskulerektorar, politi, lokale vidaregåande skular, einingsleiarar frå kultur, NAV, helse, barnevern samt oppfølgingstenesta (vgs).	4 gongar i året
Folkehelseforum	Representantar som dekker områda til alle kommunalsjefane	4-6 gongar kvar år
Styringsgruppemøte overordna for folkehelseforum og BTI inkludert lokalt rus og kriminalitetsførebyggjande arbeid	Kommunalsjefar, utvida med politiet og andre utfrå aktuelle saker	2 gonger kvart år
«Ung på hjul»	Helsesjukepleiarar, ambulanse, brann, politiet koordinerar	Siste onsdag før påske
Interkommunalt nettverk	KoRus vest, RVTS	2 gonger i året
Barn som pårørande - nettverk	Helse Fonna, barns beste, kontakt person frå kommunen	2 gonger i året
Introduksjonsprogram for flyktninger	Integreringstenesta, politet underviser	Årleg i veke 9
Gjennomgang stafettlogg og handlingsretteleiar	Leiarar sikrar opplæring og oppfølging av nytilsette o.a	Årleg
Treffpunkt for felles kunnskap om lokal rusmiddelsituasjon	Psykisk helse, kommunelege og politi	Årleg / oktober

## Tverrfagleg oppvekstteam - TOT

Generell versjon

Er du uroa for eit barn / ein ungdom, og er usikker eller står fast i forhold til korleis ein skal gå fram?

Vindafjord kommune har oppretta eit fast tverrfagleg oppvekst team på kvar ungdomsskule, TOT, og ressursteam til nytte for barnehagar og barneskular. Teamet har resursar frå dei som har eit spesielt ansvar for barn og ungdom gjennom sitt arbeid i kommunen. TOT skal være ein ressurs for barn, elevar og deira familie, og som er tilgjengeleg for barnehagen og skulen ved ulike problemstillingar.

Kven deltar? Rektor/styrar, inspektør eller sosiallærar, pedagogiskleiar eller barnehagelærar barnevern, PPT, helsejukepleiar er faste representantar i møtet. Andre som kan være ein ressurs retta mot problemstillinga kan kallast inn ved behov. Ved TOT i ungdomsskulen er også politiet fast deltagar.

Type møte: TOT rommar hovudsakleg samhandlingssakar rundt enkeltelevar eller fenomen i ungdomsmiljøet, men kan også gi rom for systemsaker.

Tema: Barnehage og skulen drøftar utfordrande problemstillingar på systemnivå med dei ulike fagpersonane som deltar. Dersom det er ei sak på individnivå skal ein få samtykke frå foreldre, og foreldre/elev skal få høve til å delta i møtet.

### Mål:

Barn og unge med utfordringar skal få hjelp så tidlig som mogleg.

Ein kan dele si uro og søkje hjelp til å løyse utfordringar.

Utfordringane blir drøfta tverrfaglig.

Saman med barn, ungdom og føresette, kjem ein fram til ei tilfredstilande løysing.

### Saksgang:

Når barnehagen eller skulen vert kjend med sakar som er vanskelige å handtere, kan TOT gi rettleiing og råd. TOT har også moglegheita å bistå med kontakt til andre instanser. For at enkeltsaker kan diskuteres i TOT må føresette gi samtykke.

### Korleis melde opp saker?

Barnehagen eller skulen som barnet / ungdomen tilhører eig møtet. Sakar skal meldast munnleg eller skriftleg til leiar. Alle fagpersonane i møtet kan melde inn sakar. Om foreldre/føresette er uroa, kan dei også melde inn sakar til teamet. Samtykkeskjema finn ein på kommunen sine heimesider. Rektor/ styrar vil henvise saken vidare.

## Kvar er møtene?

Møtene vil i hovedsak være på barnehagen eller skulen om ikkje noko anna er avtala.

### Møtet sin gang/dagsorden

Det er ønskeleg at føresette (og evt. Barn/ungdom, avhengig av alder og modenhet) deltek på møtet.

Presentasjon av saka, og barnet/ungdommen og familien sin situasjon

Kva endring ynsker barn/ungdommen familien, skulen, tenesten?

Moglege ressursar for å få til endring?

Konklusjon, inkl. kven som skal delta i det vidare arbeidet.

### Referat:

Barnehagen/skulen skriv referat. Referat skal i websak, og sendast til representantane i TOT.

Referatet skal ikkje innehalde elevsaker, men ein kan referere til at ein har hatt elevsak. Dokumentar gjeldane enkeltsaker skal arkiverast i eleven si mappe på skulen.

### Lovverk

Både behandlinga i det TOT og det vidare arbeidet med saka forutset samtykke frå den/dei det gjeld til å dele taushetsbelagte opplysningar. Dokumentane i saka er tilgjengeleg for parten i tråd med forvaltningslova sin §§ 18 og 19.

### De viktigste lovbestemmelsene knyttet til taushetsplikt er:

Lov om behandlingsmåten i forvaltingssaker § 13-13 f).

Lov om helsetjenesten i kommunene § 6-6.

Lov om pasientrettigheter kap. 3.

Lov om helsepersonell kap. 5.

Lov om barneverntjenester § 6-7.

Lov om opplæring, kap.15

Lov om barnehager

Politiregisterlova